



Vestland fylkeskommune

## Regional plan for næringsutvikling og innovasjon - fråsegn

Sogn regionråd meiner planprogrammet for regional plan for innovasjon og næringsutvikling er eit godt utgangspunkt for at Vestland blir det leiande verdiskapingsfylket. Å bygge på regionale fortrinn vil vere viktig for å oppnå dette overordna målet.

Sogn er ein livskraftig region som har store moglegheiter for framtida. Våre fortrinn er fornybar energi, reiseliv, industri, landbruk og innovasjon. Sogn har veksande næringsliv, nyskapingmiljø og er ein næringsattraktiv region som kan visa til gode tal for arbeidsplassvekst.

Det er stor vekstkraft i dei nye næringane. Utviklinga innan digitalisering, behov for stadig ny kompetanse og tempoet på informasjon som skal handterast gjer det nødvendig med auka delingskultur og samhandling. For å stimulera til nærings- og samfunnsutvikling bør det arbeidast for å utvikla nettverk og skapa arenaer som gjev grobott for samarbeid og utvikling.

Sentraliseringa av befolkninga har blitt langt sterkare dei siste tre åra og analyser viser at nettoflyttinga har blitt meir sentraliserande dei siste åra. For å snu utviklinga må heile fylket bli teke i bruk. Det må leggjast til rette for ei styrking av kunnskaps- og kompetansmiljøa i dei ulike regionane i fylket, med sterke og attraktive regionsenter som viktige drivarar.

Sogn regionråd har følgjande innspel til plantema og prosess:

- **Regionsentra** stimulerer til verdiskaping og konkurransekraft, har spesialiserte tenester som supplerer det lokale tilbodet i tettstader og grender, og gjer det mogleg å arbeida og bu i alle delar av fylket. Kompetansmiljøa i dei ulike regionane i fylket må styrkast med sterke og attraktive regionsenter som viktige drivarar.
- **Industrien** er viktig for verdiskapinga i fylket. Sognregionen har sterke industrimiljø. Sogn regionråd saknar omtale av industristrategien for Sogn og Fjordane 2016-2025. Industristrategien var ein del av verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane og bør innarbeidast i regional plan for innovasjon og næringsutvikling.
- **Reiseliv** er Noregs tredje største næring. Sogn regionråd støttar forslaget i planen om at reiseliv blir ein del av den regionale planen.

Vi oppmodar fylkeskommunen om å arbeida aktivt for å oppretthalde den lokale kjennskapen til næringsliv, kulturliv og sivilsamfunn. Gevinsten vil vere eit meir heilskapleg bilete av fylket sine samla interesser, utfordringar og moglegheiter.

I utforminga av dei regionale planane og iverksettinga av desse er det nødvendig med gode medverknadsprosessar. Tett samarbeid og partnerskap er nødvendig om planane skal bidra til å mobilisere ulike aktørar i same retning. Det er positivt at Vestland legg vekt på å samarbeide med regionråda. Regionane og kommunane treng virkemiddel og verktøy i arbeidet med samfunns- og næringsutvikling.

For å nå dei overordna måla i planane bør fylkeskommunen samordna arbeidet på tvers av fag og sektorar. Vi saknar omtale av korleis fylkeskommunen vil få til kopling og koordinering mot andre regionale planar.

Mange bransjar i vår region er hardt ramma av koronakrisa. Situasjonen er alvorleg og det vil ta tid å kome tilbake til normalsituasjonen. Vi meiner planarbeidet bør ta høgde for skiftande rammevilkår og behov for omstilling. Sogn regionråd oppmodar Vestland til å følgje utviklinga tett og at det vert arbeidd for tiltak som kan setjast inn på kort og lang sikt for å hjelpe bedriftene i den krisa vi står midt oppe i.

Med helsing

Ivar Kvalen  
leiar i Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*